

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 223	16/361

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
51/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Idrettsrådet hadde ikkje høve til å ha klar tilrådinga si til fordeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg for 2016 til utvalsmøtet den 26. april, der hovudtildelinga av kulturmidlar vart godkjend, ULK-31/2016.

Bakgrunnen var for det første at resultatane av idrettsregistreringa med oppdaterte medlemstal vert levert 30. april kvart år. Kulturmidlane vert fordelt etter medlemstal etter søknad, med særleg vekt på barn og unge.

For det andre var det for tidleg på året til at idrettsrådet hadde rett rekneskapsgrunnlag til å gi tilråding på driftstilskota til idrettsanlegg. Det vart i samråd med idrettsrådet vurdert at ein kunne flytte denne delen av tildelinga til hausten 2016. Ramma for idrettstildelingane vart avgjord i hovudtildelinga.

Bakgrunnen for at tildelinga av kulturmidlane var oppe til handsaming tidlegare på året enn vanleg var personalsituasjonen ved kulturtenesta.

Vurdering

Følgjande innstilling er oppe til handsaming på bakgrunn av tilråding frå Meland idrettsråd.

Kulturmidlar til idrettslag 2016

IL Kvernbit	50 848
Meland Golfklubb	17 661
Meland Motorsportklubb	6 165
Meland Ride- Og Kjøreklubb	3 418
Meland Skyttarlag	7 784
Nordre Holsnøy IL	18 359
Nordhordland Dykkarklubb	2 400
Nordhordland Padleklubb	6 856

Nordhordland Seilforening	3 358
Nordhordland Styrkeløftklubb	3 150
Total	120 000

Tilskot til drift av idrettsanlegg 2016

IL Kvernbit	240 000
Meland Golfklubb	90 000
Meland Motorsportklubb	95 000
Meland Skyttarlag	90 000
Nordre Holsnøy IL	90 000
Nordhordland Padleklubb	45 000
Total	650 000

Nordre Holsnøy har òg tilskot til drift av anlegg over anna tenesteområde.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg for 2016 ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg slik dei ligg føre i vurderinga.

Utval for levekår - 51/2016

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

«Utval for levekår godkjenner tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg slik dei ligg føre i vurderinga.»